



Dei tre neste søndagane vert det under gudstenestene i Holmedal, Husnes, Valen og Uskedalen utdeling av «BIBELEN – ei vandring gjennom den store forteljinga» til elevar i 5. klasse.  
Dette er ei illustrert bibelutgåve som er laga med tanke på bruk i skule, heim og kyrkje.

– Denne boka er utvikla for å passe til "Vandring gjennom Bibelen", som er eit kurs som vert brukt i RLE-undervisninga på mellomtrinnet i skulen, heiter det i innleiinga til boka.

Målet med kurset er å gje kunnskap om Bibelen, om sentrale forteljingar og nokre av dei bibelske personane. Ho er tilpassa læreplanen i RLE og inneholder alle tekstane i Plan for trusopplæring i Den norske kyrkja.

Tekstane som er med i denne bibelutgåva har same inndeling i kapittel og vers som ein vanleg bibel.

Alle som står i kyrkja sitt register får brev heim med invitasjon til gudsteneste og bibelutdeling. Men vi ynskjer å gje denne bibelutgåva til alle i 5. klasse som har lyst på ho, uavhengig av om du er medlem i Den norske kyrkja eller ikkje.

Og har du ikkje høve til å kome i kyrkja for å få Bibelen, kan du kontakta oss på kyrkjekontoret og få boka der.

Etter gudstenesta er det kyrkjekaffi. Vel møtt!

*Kristian Due og Jan Ove Totland  
sokneprestar*